

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Steinulf Skjerdal
Arkivsaksnr.: 09/2043

Arkiv: S11 &18

Forslag til utgreiingsprogram for Vigdøla kraftverk, overføring av Vestsideelvane og heving av dam Tunsbergdalsvatnet, Luster kommune - høyring

Rådmannen si tilråding:

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Luster kommunestyre tilrår at NVE godkjenner forslaget til konsekvensutgreiingsprogram som tiltakshavar Statkraft har lagt fram i samband med konsesjonssøknader for Vestsideelvane i Jostedalen og Vigdalen kraftverk.

For Vestsideelvane ber kommunestyret om at NVE legg ekstra vekt på følgjande:

1. Ulike alternativ for utnytting av tunnelmassar må vurderast
2. Konsekvensar ved bortføring av vatn frå Krundøla og sideelvane til ho må synast ekstra merksemd avdi dette er eit urørt vassdrag som det knyter seg sterke interesser til, ikkje minst i reiselivssamanheng.
3. Det er viktig at konsekvensane for landskap vert vurdert frå alle aktuelle turruter på begge sider av Jostedalen og Krundalen, ikkje berre nedanfrå dalbotnen. Konsekvensutgreiinga bør omfatta eit skikkeleg oversyn over heile det naturbaserte reiselivet som brukar Jostedalen i si verksemd, og ringverknader dette har på resten av næringslivet i kommunen.
4. Konsekvensar for landbruket på Gjerde/Flatjordøyane som følgje av redusert vassføring i Krundøla og grunnvassenking må utgreiast
5. Våtmarksområdet i Myten er delvis skapt i seinare tid pga. overfløyning av dyrka areal som følgje av masseavlagring i Hompedøla og Kvernelvi. I tillegg til konsekvensar for våtmarksområdet, må ulike tiltak for betring av tilhøva for landbruket vurderast. Det same gjeld tilhøva for fisk gjennom tiltak som terskelbygging, forlenging av fiskeførande strekning o.l.
6. Temperaturen i Jostedøla er alt så låg at sjølv marginale temperatursenkingar kan gjera stor skade for fisk. Konsekvensane av temperatursenkinga som følgje av bortføring av varmare vatn til Tunsbergdalsdammen og Vigdøla kraftverk må utgreiast grundig, også med forslag til avbøtande tiltak.

For Vigdøla kraftverk må følgjande vurderast i tillegg til utgreiingsprogrammet tiltakshavar sjølv føresler:

1. Konsekvensar av å sjå utbygginga på 80-talet i samanheng med planlagd utbygging no, og slepping av nok vatn i beitesesongen slik at gjerdeeffekten i Vigdøla vert gjenoppretta, ev. andre avbøtande tiltak.
2. Effekten på fiske ei ev. auka vassføring i Vigdøla nedanfor Smådalane vil ha.
3. Konsekvensar av at inntaket i Skitnamyrhølen ligg i rasfarleg område.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg:

1. Oversendingsbrev frå NVE for Vigdøla kraftverk datert 29.06.2009
2. Oversendingsbrev for Vestsideelvane og dam Tunsbergdalsvatnet datert 29.06.2009
3. Høyringsinnspel frå Jostedal Arbeidarlag, Sogn og Fjordane Turlag, Grunneigarane på Breisete, Erling Bjørn Vigdal

Uprenta vedlegg:

- [Informasjon om planlegging for Vestsideelvane](#)
- [Melding om konsekvensutgreiingar for Vestsideelvane](#)
- [Informasjon om planlegging av Vigdøla kraftverk](#)
- [Melding om konsekvensutgreiingar for Vigdøla kraftverk](#)

Samandrag:

Frå NVE har Luster kommune fått oversend melding frå Statkraft om forslag til utgreiingsprogram for:

1. Overføring av Vestsideelvane og heving av dam Tunsbergdalsvatnet
2. Bygging av Vigdøla kraftverk

Dei førebelse planane har lege ute til offentleg ettersyn. Kommunen har noko lengre frist enn andre til å gje uttale og har motteke kopiar av fire andre sine høyringsuttalar. Dei fleste av innspela der er alt dekkja gjennom det føreslegne utgreiingsprogrammet frå tiltakshavar, andre er tekne inn i rådmannen si tilråding til uttale. Utgreiingsprogrammet som ligg føre er stort sett dekkande for dei tema som bør utgreiast. Nokre nye er føreslegne tekne inn, andre ser ein som så viktige at det vert bede om at dei vert tillagde ekstra stor vekt.

Det er viktig å vera klår over at ein no er inne i meldingsfasen i utbyggingsprosessen. Det er først etter at konsesjonssøknadene ligg på bordet, at ein skal ta stilling til utbyggingsalternativ, eller ev. at ein er imot alle former for utbygging.

NVE har bede om at høyringsinstansane er tydelege på kva utbygging dei ulike innspela gjeld for.

Utval som har vedtaksmynde:

Kommunestyret

Fakta:

Frå NVE har Luster kommune fått oversend melding frå Statkraft om forslag til utgreiingsprogram for:

1. Overføring av Vestsideelvane og heving av dam Tunsbergdalsvatnet
2. Bygging av Vigdøla kraftverk

Dei førebelse planane har lege ute til offentleg ettersyn i perioden 1. juli – 1. oktober 2009. Luster kommune har frist til å koma med uttale til føreslege konsekvensutgreiingsprogram innan 6. november, for andre gjekk fristen ut 1. oktober.

Gangen i saka vidare er at NVE skal bestemma det endelege utgreiingsprogrammet. Deretter vil søkjaren senda inn konsesjonssøknad med tilhøyrande konsekvensutgreiingar til NVE. Søknaden vert så oversend Olje- og energidepartementet (OED) og handsama etter fastsette reglar der. Ein ny brosjyre vil orientera om dei endelege planane. Det vil bli arrangert nytt ope møte og ny høyringsrunde. Etter avslutta

høyringsrunde vil NVE utarbeida innstilling i saka og senda ho over til OED. Endeleg avgjerd vert teken av Kongen i statsråd. Store og konfliktfylte saker vert lagde fram for Stortinget.

Vestsideelvane

I korte trekk går planen ut på å ta inn 8 elvar vest for Jostedøla omlag på kote 520 og føra dei over til Tunsbergdalsdammen som er tenkt påbygd minst 2 m. Rekna frå Tunsbergdalsdammen gjeld det elvane Hompedøla, Kvernelvi, Vassdøla, Liadøla, Kyrkjedøla, Bakkedøla, Røykjedøla og Tverradøla. Overføringa vil auka produksjonen i Leirdøla kraftverk med 125 GWh/år, ein auke på omlag 25%. I tillegg vil den auka reguleringshøgda i Tunsbergdalsdammen medføra ein netto auke i kraftproduksjon på 5 GWh/år. Dessutan vil ein større del av produksjonen bli i form av vinterkraft.

Samla utbyggingskostnad er vurdert å bli på omlag 400 millionar kroner.

Dei landskapsmessige verknadene som følgje av redusert vassføring vert vurdert som det mest negative i høve miljøinteressene.

Søkjaren har lagt fram eit forslag til program for utgreiingar og undersøkingar som skal gjennomførast som ein viktig del av grunnlaget for ein eventuell konsesjonssøknad. Basert på dette programmet er det alt gjennomført ei førebels konsekvensutgreiing. Innspel i høyringsfasen kan medføra at det vil bli naudsynt med supplerande undersøkingar.

Vigdøla

Omlag på kote 1200 er det tre bekkeinntak i Vigdalsvassdraget som tek inn vatn for overføring til Jostedal kraftverk ved Ormbergstølen. Planen er no å etablere eit nytt inntak ved Skitnamyrjtønna omlag på kote 605, og føra vatn over til ein ny kraftstasjon som er tenkt bygd like ved eksisterande Jostedal kraftverk. Avlaupsvatnet frå den nye stasjonen skal førast inn på eksisterande avlaupstunnel som fører vatnet ut i Gaupnefjorden. På årsbasis vil det nye kraftverket reisa med omlag 52% av restvassføringa i Vigdøla etter førre utbygging, rekna ved samløpet med Jostedøla.

Energiproduksjonen er vurdert til 48 GWh/år, utbyggingskostnaden stipulert til 120 millionar kroner.

Søkjaren sjølv meiner at største ulempa med den nye utbygginga først og fremst knyter seg til dei landskapsmessige verknadene av redusert vassføring i vassdraget.

Også for Vigdøla kraftverk er det lagt fram forslag til program for utgreiingar og undersøkingar, og det er alt gjennomført ei rekke miljøundersøkingar basert på dette. Høyringa kan medføra trong for ytterlegare utgreiingar.

Konsekvensutgreiingsprogram

Det føreslegne konsekvensutgreiingsprogrammet er basert på Plan- og bygningslova sine reglar om dette, NVE sin rettleiar for konsesjonshandsaming av vasskraftsaker, 1/98, DN sine handbøker, samt Vegvesenet si handbok 140.

I dei to meldingane som føreligg er det difor langt på veg same tema som er føreslegne utgreidd.

For Vestsideelvane ønskjer søkjaren særleg å få klårlagt følgjande:

- *I kor stor grad vil utbyggingsplanane påverka friluftssinteressene og natur- og kulturlandskapsmessige tilhøve i området?*
- *I kor stor grad vil fråføring av vatn i berørde elvar påverka tilhøva for fiskebestandane i Jostedøla?*
- *Kva vil utbyggingsplanane ha å seia for det biologiske mangfaldet i vassdraga og nedbørfelta?*
- *I kor stor grad vert jord- og skogbruksinteressene berørde?*

For Vigdøla kraftverk er følgjande tema opprekna som særskilte viktige å få klårlagt:

- *I kor stor grad vil redusert vassføring i berørde elvar påverka landskapsmessige tilhøve?*
- *Kva vil utbyggingsplanane ha å seia for biologisk mangfald både i Vigdøla og Jostedøla (herunder temperaturendringar og ev. verknad på fisk)?*
- *I kva grad vil utbyggingsplanane påverka friluftssinteressene i området?*
- *Vil planane berøra næringsinteressene i området (herunder landbruk)?*

For å finna svar på hovudspørsmåla er det ei rekke deltema som må undersøkjast. Same deltema er nemnde i begge meldingane, men i ulik rekkefølge:

1. Influensområdet

Dette er ei oppstilling av arealinngrepa som skal vurderast i kvar utbygging

2. Overflatehydrologi (Vasstands- og vassføringstilhøve)

Dei hydrologiske endringane vil i stor grad danna grunnlaget for vurderinga av konsekvensane for dei andre fagområda. Det vil bli teke bilete av aktuelle elvar/bekker ved best mogeleg talfasta vassføring, for så langt som mogeleg å illustrera korleis ei ev. minstevassføring vil syna att.

3. Istilhøve, vassstemperatur og lokalklima

Dette vil bli utgreidd for dei aktuelle elvestrekningane nedanfor inntaka. Hovudfokuset vil bli på Jostedøla.

4. Sedimenttransport og erosjon

Erosjons- og sedimentasjonsprosessen skal vurderast på aktuelle vassdragsavsnitt for å dokumentera dei naturlege prosessane. Det same skal gjerast i Tunsbergdalsmagasinet.

5. Vasskvalitet, vassforsyning og forureining

Dagens tilstand og belastning vil bli omtala. Det same vil risiko for utslepp, og planlagde avbøtande tiltak i anleggsperioden.

6. Naturmiljøet

6.1. Biologisk mangfald, inngrepsfrie område og verneinteresser

Kartlegging og omtale vil fokusera på førekomst av "raudlista" artar. Fagrapporten vil også gje ein omtale av verna område og tiltaket sine konsekvensar på verneverdiane.

6.2. Jaktbart vilt

Det vil bli skriva eiga fagutgreiing om dette

6.3. Fisk

Her vil det bli teke utgangspunkt i undersøkingar som alt er gjennomførde og den relativt omfattande kunnskapen ein alt har om Jostedøla på dette området. Det vil bli utført noko nytt feltarbeid som inkluderer vurdering av gyte- og oppveksttilhøve på relevante elvestrekningar. Verknadene av redusert vassføring og særleg temperaturendringar vil bli vurdert opp mot fiskebestandane der dette er relevant. Avbøtande tiltak vil bli vurdert og omtala.

7. Kulturmiljø og kulturminne

Det vil bli lagt vekt på å få registrert kulturminne på dei areala som vert fysisk berørde av planane. Herunder kulturlandskapet, automatisk freda kulturminne og nyare kulturminne.

8. Naturressursar

8.1. Jord og skogbruk

Tiltaket sine konsekvensar for jordbruk, husdyrhald og skogbruk vil bli vurdert både i anleggs- og driftsfasen. Dette vil inkludera arealtap, utnytting av deponimassar, trong for gjerding m.v. Avbøtande tiltak vil bli vurdert og omtala.

9. Landskap og friluftsliv

9.1. Landskap

Det vil bli teke utgangspunkt i fotoseriar frå stader med mykje ferdsel der elva er lett synleg og lagt vekt på å få synleggjort vassføringa si betydning for landskapsbiletet.

9.2. Friluftsliv

Dagens bruk av planområdet og tilgrensande område vil bli omtala. Det vil bli gjort ei vurdering av korleis tiltaket vil påverka dagens bruk, jakt, fiske, turgåing m.m. Utgreiinga for friluftsliv vil bli samordna med landskapsutgreiinga og kulturminneutgreiinga.

10. Næringsliv og sysselsetjing

Dei samfunnsmessige verknadene vil bli utgreidde både for regionen og lokalt i Luster kommune, dette gjeld både vare- og tenesteleveransar frå næringslivet og sysselsetjingsverknader.

11. Samfunnsmessige og sosiale tilhøve

Her vil det i første rekke bli føreteke ei vurdering av verknader på kommunal økonomi, auka eigedomsskatt som følgje av investeringane, konsesjonsavgift og auka naturressursskatt.

Innspel frå andre høyringspartar

Høyringsfristen er sett noko seinare for kommunen enn for andre. Kommunen har fått tilsendt kopi av fire andre sine innspel; Jostedal Arbeidarlag, grunneigarane på Breisete v/Hans H. Urdahl, Erling Bjørn Vigdal og Sogn og Fjordane Turlag.

Jostedal Arbeidarlag ønskjer å få utgreidd verknadene på:

- turismen i Jostedalen ved omsøkt utbygging
- fiske i Jostedøla ved omsøkt utbygging.

Arbeidarlaget vèl å alt no flagga synet sitt m.o.t. konsesjonsvilkår og ber om at:

- det vert oppretta "øyremerka" fond for Jostedalen
- anleggsvegane må gjerast ålment opne etter utbygginga
- det vert oppretta kontakt til bygdefolket for utnytting av den verdifulle tunnelmassen

- Statkraft i samarbeid med fjellstyret i Jostedalen må syta for oppføring av ei hytte for ålmenta i området Sperlestølen/Liastølen/Vassdalen.

Hans H. Urdal trekkje fram to ting som har vorte eit problem etter Statkraft si utbygging på 80-talet:

- Vigdøla som naturleg barriere (gjerde) for husdyr er borte.
- Fisket i Vigdøla er vorte dårlegare.

I følgje Urdahl var føresetnaden for utbygginga på 80-talet at kun 40% av Vigdøla skulle takast inn i bekkeinntaka i Smådalane. Han stiller spørsmål om ikkje Statkraft tek inn meir vatn enn dette. Han ber om at større vassmengder må få renna fritt i elva for at ein skal få tilbake elva sin naturlege gjerdeeffekt og betra vilkåra for fisk.

Erling Bjørn Vigdal stiller også spørsmål ved om restvasføringa i Vigdøla i dag er 60%, slik føresetnadene var for konsesjonen i 1984. Han peikar på at det planlagde inntaket i Skitnamyrhølen ligg i rasområde, og vidare at ytterlegare uttak av vatn frå Vigdøla heilt vil fjerna gjerdeeffekten til elva mot husdyr nedanfor inntaket.

Sogn og Fjordane Turlag har levert ein fyldig uttale der laget alt no nyttar sjansen til å signalisera motstand mot ytterlegare utbygging i Jostedalvassdraget. Laget konsentrerer seg først og fremst om Vestsidoutbygginga og set fram ei rekke krav:

- Tunnelboremaskin er det mest miljøvenlege ved driving av vasstunnelar og ingen andre alternativ bør utgreiast
- Tunsbergdalsdammen er stor nok og høg nok, men flaumdempingsmagasin med "V-overlaup" må utgreiast.
- Det er heilt uakseptabelt med meir enn ein tipp i Jostedalen, men fleire alternativ for plassering av tippen må utgreiast
- NVE må krevja at alle tre utbyggingsalternativa vert utgreidde, og i tillegg eit fjerde alternativ (D-alternativ) der både Hompedøla, Kvernelvi, Røykjedøla og Tverradøla vert trekte ut.
- Krundøla med sideelvar er så viktig at ho ikkje bør byggjast ut verken på den eine eller andre måten
- Dersom det vert gjeve konsesjon til utbygging, må det setjast fram krav om minstevassføring i Leirdøla. NVE må krevja at ulike storleikar på minstevassføring vert utgreidde
- Når det gjeld konsekvensar for fisk og ferskvassbiologi, må alle aktuelle utbyggingsalternativ (A-D) vurderast kvar for seg
- For landskap må konsekvensane vurderast frå alle aktuelle turruter på begge sider av Jostedalen og Krundalen, ikkje berre nedanfrå dalbotnen
- Konsekvensutgreiinga må omfatta eit skikkeleg oversyn over heile det naturbaserte reiselivet som brukar Jostedalen i si verksemd. Dessutan oversyn over ringverknader dette har på resten av næringslivet i kommunen.
- INON-tap må spesifiserast for alle utbyggingsalternativ (A-D)

Turlaget vil koma med sitt endelege syn på kraftutbygginga etter at konsesjonssøknaden ligg føre, men seier alt no ifrå om at laget kjem til å gå imot alle former for utbygging i Krundalen.

Vurdering:

Det er viktig å vera klår over at ein no er inne i meldingsfasen i utbyggingsprosessen. Føremålet med den er å informera om planane og få meldingar attende om tilhøve som bør vurderast nærare i den vidare planlegginga. Det er først etter at konsekvensutgreiingane er gjennomførde, at utbyggjaren har kunnskap nok til å ta stilling til kva alternativ det skal søkjast konsesjon for, og kva avbøtande tiltak som er aktuelle. Det vil ikkje vera rett på dette tidspunktet å motsetja seg at konsekvensar vert vurderte for ulike alternativ. Det er først etter at konsesjonssøknadene ligg på bordet, at ein skal ta stilling til utbyggingsalternativ, eller ev. at ein er imot alle former for utbygging.

Dei ulike rettleiarane for konsekvensutgreiingsprogram er utvikla gjennom lang tid på grunnlag av røynsler frå tidlegare kraftutbyggingar. Dei fangar såleis opp det meste av det som er aktuelt å greia ut, også for Vestsideelvane og Vigdøla.

Søkjaren har peika på tema han meiner det må setjast ekstra fokus på, det er vanskeleg å ikkje vera samd i det som kjem fram der.

Gjennom høyringsuttalane som kommunen har fått kopi av, er det også kome nyttige innspel. Vigdal og Urdahl peikar på uheldige følgjer av utbygginga på 80-talet som har ført til at Vigdøla ikkje lenger fungerer som naturleg barriere (gjerde) for husdyr.

Her bør difor vurderast konsekvensar av å sjå den førre utbygginga i samanheng med planlagd utbygging no, og slepping av nok vatn i beitesesongen til at gjerdeeffekten vert gjenoppretta, ev. andre avbøtande tiltak. Også effekten dette vil ha på fiske må vurderast, det same for konsekvensar av at inntaket i Skitnamyrhølen ligg i rasområde.

Som Jostedalen Arbeidarlag er inne på, er det ønskjeleg å få vurdert alternativ for utnytting av tunnelmassar.

Dei fleste tema som Sogn og Fjordane Turlag er inne på ligg alt inne i konsekvensutgreiingsprogrammet, men det kan vera grunn til ekstra merksemd på Krundøla med sideelvar på grunn av at dette vassdraget er heilt urørt i dag. Det er også viktig at konsekvensane for landskap vert vurdert frå alle aktuelle turruter på begge sider av Jostedalen og Krundalen, ikkje berre nedanfrå dalbotnen. Konsekvensutgreiinga bør også omfatta eit skikkeleg oversyn over heile det naturbaserte reiselivet som brukar Jostedalen i si verksemd, og ringverknader dette har på resten av næringslivet i kommunen.

På folkemøtet som var om oppstartmeldinga i Jostedalen, var det fleire som trekte fram konsekvensane temperatursenkinga i Jostedøla som følgje av bortføring av varmare vatn til Tunsbergdalsdammen og Vigdøla kraftverk, vil medføra for fisket. Sjølv om dette alt er trekt fram av søkjaren sjølv, er det grunn til å understreka særskilt. Temperaturen i hovudelva er alt så låg at sjølv marginale temperatursenkingar kan gjera stor skade.

Noko som ikkje har vore trekt fram, er mogelege konsekvensar av grunnvassenking på Gjerde/Flatjordøyane som følgje av mindre vassføring i Krundøla. Jordsmonnet her er eit tunt matjordlag oppå grande. Den kapillære leidningsevna er dårleg og området svært turkeutsett. Verknader mindre vassføring har på grunnvasstand og jordbruksproduksjon, samt aktuelle avbøtande tiltak, må utgreiast.

I meldinga er det nemnt at konsekvensar for våtmarksområde i Myten som følgje av mindre vassføring må vurderast. Men her må også takast inn i vurderinga at våtmarksområdet her delvis er skapt i seinare tid ved masseopphoping i elvelaupet til Kvernelva og Hompedøla og overfløyning av tidlegare fulldyrka areal. Fordelene for landbruket, og fisket ved opprensning av elvelaupa/terskelbygging, må vurderast opp mot ulempene for våtmarksområdet.

NVE ber om at høyringsinstansane er tydelege på kva utbygging dei ulike innspela gjeld for.

Samandrag

Frå NVE har Luster kommune fått oversend melding frå Statkraft om forslag til utgreiingsprogram for:

1. Overføring av Vestsideelvane og heving av dam Tunsbergdalsvatnet
2. Bygging av Vigdøla kraftverk

Dei førebelse planane har lege ute til offentleg ettersyn. Kommunen har noko lengre frist enn andre til å gje uttale og har motteke kopiar av fire andre sine høyringsuttalar. Dei fleste av innspela der er alt dekkja gjennom det føreslegne utgreiingsprogrammet frå tiltakshavar, andre er tekne inn i rådmannen si tilråding til uttale. Utgreiingsprogrammet som ligg føre er stort sett dekkande for dei tema som bør utgreiast. Nokre nye er tekne inn, andre ser ein som så viktige at det vert det bede om at dei vert tillagde ekstra stor vekt.

Det er viktig å vera klår over at ein no er inne i meldingsfasen i utbyggingsprosessen. Det er først etter at konsesjonsøknadene ligg på bordet, at ein skal ta stilling til utbyggingalternativ, eller ev. at ein er imot alle former for utbygging.

NVE har bede om at høyringsinstansane er tydelege på kva utbygging dei ulike innspela gjeld for.

Dato 13.10.2009

Tore Eriksen
rådmann

Steinulf Skjerdal
landbrukssjef

Særutskrift skal sendast:

Vanleg post: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo
Som e-post: nve@nve.no

m/kopi til:

... [Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)